

**Nattverføring i hjemmene**  
**Den Evangelisk Lutherske Frikirke**

**Oslo, 24.mars 2020**

**Veiledning fra tilsynsmennene**

I Frikirkenes målplan settes det et tydelig fokus på å være kirke i hjemmet. Tro på hjemmebane er blitt svært viktig for oss, og i disse tider ser vi også hvor viktig det er når samfunnet rammes. Nattverføring er en viktig del av det kristne fellesskapet, og vi ønsker at nattverden skal feires regelmessig.

Synoden vedtok i 2002 (sak 16/2002) blant annet:

«Ved samlinger i menighetens regi der menigheten ønsker at nattverd feires, og ingen av menighetens ordinerte kan forrette, kan eldsterådet delegere denne oppgaven til andre medlemmer i fullt medlemskap.»

Synoden legger i vedtak i 2017 (sak 19/2017) til grunn at det er en normalordning i Frikirkenes menigheter å kunne delegere nattverføring til mindre enheter, huskirker og lignende.

Det vil være eldsterådet i den enkelte menighet som kan oppmuntre denne muligheten ved å delegere og å legge til rette for nattverføring i mindre grupper og i hjemmene.

På bakgrunn av den nåværende situasjon vil vi oppmuntre alle våre eldsteråd til å anbefale nattverføring i hjemmene, uavhengig av hvordan dette praktiseres til vanlig i menigheten. Enten det er én person i hjemmet, et par eller en familie, så vil vi oppmuntre til, og gi frimodighet til å feire nattverd. Det normale er at flere i menigheten samles for nattverføring, men i en tid som denne mener vi det er rett å se bort fra denne ordningen.

**Forberedelse**

- a. **Innkjøp.** Dere kjøper inn alkoholfri vin enten på Vinmonopolet eller i matbutikk. Dersom dere ikke får tak i vin kan druejuice brukes. Dere kan bruke vanlig brød som dere bruker i hjemmet.
- b. **Forberedelse.** Er dere flere enn en, velger dere en til å lede nattverføringen. Dere bruker et fat til brødet og en passe mugge til vinen. Dere kan bruke de vanlige glassene dere pleier å bruke. Pynt med en duk og levende lys. Vi anbefaler en enkel liturgi, som den vedlagte. Vi viser også til et eget forslag til nattverd på Skjærtorsdag, utarbeidet av Oslo Østre Frikirke og Stavern Frikirke. Vil gjøres tilgjengelig på våre nettsider.

**På side 2-3 er nynorsk utgåve av nattverdsliturgien for heimen.**

**Fylgjande enkle liturgi kan vere til hjelp om ein vil feire nattverd i heimen:**  
*(Vekslesing: Skrift med tynn font lesast av den som leiar, tykk font lesast i fellesskap. Om du er åleine, les du alt høgt sjølv.)*

## 1 Innleiing

Kjære Herre Jesus! Du er det levande brødet som er kome ned frå himmelen og gjev verda liv! **Den som kjem til deg skal ikkje svelte. Den som trur på deg skal ikkje tørste.** Vi kjem til ditt bord for å ta imot din heilage kropp og ditt heilage blod. **Hjelp oss å kome i audmjukskap og med sann tru på at det du gjorde på krossen, gjeld for oss.**

Kjære Jesus! Takk at vi er ein kropp i deg, éin familie, eitt folk på jorda. **Lær oss å elske kvarandre slik som du har elskar oss. Trøyst oss, og gje oss glede i frelsa, saman med heile di kyrkje på jorda.**

## 2 Herrens ord

**Les ein av dagens bibeltekstar, og/eller ein av desse:**

Joh 3,14-18a. Rom 3,21-25a. Ef 1,3-14. 1. Joh 4,7-10

## 3 Bøn

*(Leiar kan be denne bøna eller ei fri bøn)*

Heilage Gud, du har skapt oss i ditt bilet og gjeve oss livet i gåve. Vi takkar deg for Jesus Kristus, Verdsens Frelsar. Han døydde og stod opp att, så vi ved trua på han får tilgjeving for syndene og evig liv. Vi takkar deg for dåpen, der vi blir fødde på nytt, og for nattverden, der du samlar oss som din store familie.

Vi bed deg: Send din Ande over oss og over dine gåver, så vi i tru kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen. Gjer oss til eitt med kvarandre og med Jesus Kristus.

**Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freistung, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.**

## 4 Innstiftingsorda lesast

Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken,  
tok han eit brød, takka, braut det, gav lærersveinane og sa:  
Ta imot og et! Dette er min kropp som vert gjeven for dykk.  
Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han kalken etter måltidet,  
takka, gav dei og sa: Drikk alle av den.  
Denne kalken er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk til forlating for syndene.  
Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

## **5 Utdeling**

*Brød og vin takast imot og ein seier til den einskilde (her kan anten den som leiar gje til alle, eller ein kan senda brød og vin rundt. Den som sender vidare, seier då orda under):*

**Kristi kropp gjeven for deg.**

**Kristi blod utrent for deg.**

Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage kropp og sitt dyre blod. Med det har han sona alle våre synder. Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige liv.

## **6 Takkebøn**

Tid for å be, vitne og eventuelt synge ein song.

## **7 Velsigning**

Lat oss be om Herrens velsigning.

**Velsign oss, Gud Fader. Velsign oss, Guds Son. Velsign oss, Guds Heilage Ande. Amen.**

### **Etter nattverden**

*Det som er att av brødet og vinen, vert ete og drukke opp av dei som har tatt del. På den måten handsamar vi elementa på ein verdig måte.*

*Om ein ynskjer det, kan nattverdmåltidet knytast saman med eit vanleg måltid i heimen.*

*Sjå her for meir informasjon om påskemåltid:*

<https://www.return2sender.no/bli-med/ressurser/paskemaltid/>